

Forslag til læreplan i samfunnsfag

Utkast fra læreplangruppe. Mai/juni 2012

Føremål med faget

Føremålet med samfunnsfaget er å medverke til forståing av og oppslutning om grunnleggjande menneskerettar, demokratiske verdiar og likestilling og til aktivt medborgarskap og demokratisk deltaking. Faget skal stimulere til å utvikle kunnskap om det kulturelle mangfaldet i verda i fortida og samtida, medverke til kritisk identitetsdanning hjå elevane og skape trygg forankring i eige samfunn og eigen kultur. Samfunnsfaget skal stimulere til refleksjon over møtet mellom det tradisjonelle og det moderne i dagens og framtidens samfunn og til forståing av forholdet mellom naturen og dei menneskeskapte omgjevnadene. Faget skal òg medverke til at elevane utviklar medvit om at menneska inngår i ein historisk samanheng, og at ei lang rekkje historiske hendingar gjer at dei er der dei er i dag. Det skal gjere elevane medvitne om korleis det sosiale fellesskapet påverkar haldningar, kunnskapar og handlingar, og om korleis einskildmenneske og grupper kan påverke fellesskapet og sin eigen livssituasjon. Faget skal òg vere ein reiskap til å analysere maktrelasjonar, og det skal setje elevane i stand til å identifisere og vurdere maktutøving historisk og i dagsaktuelle spørsmål.

Opplæringa i samfunnsfag skal setje søkjelyset på naturlege og menneskeskapte forhold på jorda. Arbeid i faget skal stimulere til å drøfte samanhengar mellom produksjon og forbruk og vurdere konsekvensar som ressursbruk og livsutfalding har på miljøet og ei berekraftig utvikling. Samfunnsfaget skal òg utvikle kunnskap om arbeidsliv og økonomi. I faget inngår kunnskap om situasjonen til urfolk og minoritetsfolk i verda generelt, og om situasjonen til samane som urfolk spesielt. Samfunnsfaget skal gjere det lettare for elevane å forstå verdien av teknologi og entreprenørskap. Faget skal gje kunnskap om viktige nasjonale og internasjonale institusjonar, organisasjonar og andre aktørar – historisk og i samtida, og gje innsikt i kva rolle dei spelar. Forståinga av det politiske systemet i Noreg og det internasjonale samfunnet skal òg gjere elevane medvitne om at politikk er prega av konflikt, samarbeid og bruk av makt og innverknad i ulike former.

Mennesket samhandlar gjennom språk og uttrykksformer som er prega av den kulturen dei veks inn i. Som reflekterande og handlande individ og kollektiv kan menneska forme seg sjølve og påverke omgjevnadene sine. Som moralsk individ er mennesket ansvarleg for handlingane sine, og kan ikkje fritakast for ansvaret ved å vise til at grupper som individet kjenner seg knytt til, oppmoda til handlinga.

Samfunnsfaget skal difor gje djupare forståing av forholdet mellom samfunnslivet og det personlege livet, og stimulere til erkjening av mangfaldet i samfunnsformer og levevis. På denne bakgrunnen skal faget gje elevane større evne til å tenkje fritt, perspektivrikt, kritisk, solidarisk og tolerant.

Grunngjeve utval og bruk av kunnskapskjelder er svært sentralt i bruken av dei grunnleggjande ferdigheitene i samfunnsfag. Denne evna skal oppøvast gjennom arbeidet med faget i alle delar av grunnopplæringa. Ved å påverke lysta og evna til å søkje kunnskap om samfunn og kulturar skal faget òg fremje evna til å diskutere, resonnerer og til å løyse problem i samfunnet. Ved å gjere elevane nyfikne og stimulere til undring og skapande arbeid vil faget kunne setje dei betre i stand til å forstå seg sjølve, meistre og påverke si eiga verd og motivere til ny innsikt og livslang læring.

Hovudområde i faget

Faget er strukturert i hovudområde som det er formulert kompetansemål for. Hovudområda utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng.

Faget er eit fellesfag for alle utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring. Opplæringa skal difor gjerast mest mogleg relevant for elevane ved å tilpasse faget til dei ulike utdanningsprogramma.

Samfunnsfag er eit gjennomgåande fag i grunnopplæringa. Vegvisaren er eit hovudområde som både grip over og grip inn i dei andre hovudemna i faget, både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen.

I grunnskulen omfattar samfunnsfag hovudområda vegvisaren, samfunnskunnskap, geografi og historie. Geografi og historie blir førte vidare som fellesfag i dei studieførebuande utdanningsprogramma.

Samfunnsfaget i vidaregåande opplæring omfattar hovudområda vegvisaren, individ, samfunn og kultur, arbeids- og næringsliv, politikk og demokrati, og internasjonale forhold. Samfunnskunnskap og økonomi blir integrerte i kvart hovudområde.

I grunnskulen har samfunnsfag kompetansemål etter 4., 7. og 10. årssteget.

I vidaregåande opplæring har samfunnsfag kompetansemål etter Vg1 i programområda for samfunnsfag og økonomi, realfag og språkfag i studiespesialiserande utdanningsprogram.

I programområdet for formgivingsfag har samfunnsfag kompetansemål etter Vg2.

I yrkesfaglege utdanningsprogram og i utdanningsprogram for idrettsfag og musikk, dans og drama har samfunnsfag kompetansemål etter Vg2.

Oversikt over hovudområda:

Årssteg	Hovudområde				
1.-10.	Vegvisaren	Historie	Geografi	Samfunnskunnskap	
Vg1/Vg2	Vegvisaren	Individ, samfunn og kultur	Arbeids- og næringsliv	Politikk og demokrati	Internasjonale forhold

Vegvisaren

Hovudområdet handlar om korleis ein byggjer opp haldbare samfunnsfaglege forståingar, og korleis ein presenterer og diskuterer etablert kunnskap og eigne og andres faglege vurderingar - sakleg, presist og kritisk. Kjerna i hovudområdet er oppøving i fag- og kjeldekritikk, trening i forklåring, samanlikning og analyse, og forståing og utprøving av korleis ein byggjer opp, nyttar og diskuterer samfunnsfaglege vurderingar. Hovudområdet grip over - og inn i - dei andre hovudområda i faget. Difor arbeider ein gjerne med kompetansemåla i dette hovudområdet samstundes med at ein arbeider med mål frå andre hovudområde.

Historie

Hovudområdet dreier seg om undersøking og drøfting av korleis menneske og samfunn har forandra seg gjennom tidene. Historie omfattar korleis menneske skaper bilete av og formar si eiga forståing av fortida. Å utvikle historisk oversyn og innsikt og å øve opp ferdigheiter for kvardagsliv og deltaking i samfunnet er sentrale element i hovudområdet.

Geografi

Hovudområdet omfattar stad- og romdimensjonen i samfunnet. Hovudområdet gjev oversikt over lokalisering og utbreiing av naturlege og menneskeskapte forhold på jorda. Kartlegging og diskusjon av endringsprosessar står sentralt. Geografi handlar òg om å gjere greie for og forklare likskapar og skilnader mellom land og by, mellom nasjonar og mellom regionar.

Samfunnskunnskap

Hovudområdet omfattar emna sosialisering, politikk, økonomi og kultur og handlar om samkjensle og motsetnader mellom menneske i eit samtidsperspektiv. Samspelet mellom kulturelle normer og samfunnsstyring på den eine sida og individuelle handlingar og val på den andre er sentralt i hovudområdet. Verdien av medborgarskap og utvikling av demokratiske ferdigheiter er viktige dimensjonar i samfunnskunnskap.

Individ, samfunn og kultur

Hovudområdet omfattar sosialisering, personleg økonomi, fleirkulturelle samfunn, religionen si rolle i kulturen, samlivsformer og kriminalitet. Det handlar også om urfolk, etniske og nasjonale minoritetar, korleis framandfrykt og rasisme kan motarbeidast, og kven og kva som påverkar ungdom i dag.

Arbeids- og næringsliv

Hovudområdet handlar om næringar, bedrifter, etablering, yrkesval og arbeidsløyse. Det dreier seg òg om organisasjonane i arbeidslivet og lønnsdanning. Hovudområdet handlar også om arbeidslivet i dag, og dei prinsipp og verdiar det byggjer på.

Politikk og demokrati

Hovudområdet omfattar det politiske systemet på alle nivå og velferdsstaten. Det handlar om dei politiske partia og kva som kan truge demokratiet. I dette hovudområdet blir det òg lagt vekt på samanhengar mellom styreform, rettsstat og menneskerettar.

Internasjonale forhold

Hovudområdet omfattar internasjonalt samarbeid, terrorisme, konflikhtar, konfliktløysing og fredsarbeid. Det handlar òg om globalisering, fordeling av ressursar og berekraftig utvikling. Hovudområdet dreier seg òg om Noreg si rolle som internasjonal aktør.

Timetal i faget

Timetala er oppgjevne i einingar på 60 minutt:

BARNESTEGET

1.-7. årssteget: 385 timar

UNGDOMSSTEGET

8.-10. årssteget: 256 timar

STUDIESPESIALISERANDE UTDANNINGSPROGRAM – PROGRAMOMRÅDE FOR REALFAG OG SPRÅKFAG, SAMFUNNSFAG OG ØKONOMI

Vg1: 84 timar

YRKESFAGLEGE UTDANNINGSPROGRAM, UTDANNINGSPROGRAM FOR MUSIKK, DANS, DRAMA OG IDRETTSFAG, OG STUDIESPESIALISERANDE UTDANNINGSPROGRAM – PROGRAMOMRÅDE FOR FORMGIVINGSFAG

Vg2: 84 timar

Grunnleggjande ferdigheiter i faget

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla, der dei medverkar til å utvikle fagkompetansen og er ein del av han. I samfunnsfag forstår ein grunnleggjande ferdigheiter slik:

Å *kunne lese* i samfunnsfag inneber å granske, tolke og reflektere over faglege tekstar og skjønnlitteratur med stigande vanskegrad for å oppleve kontakt med andre tider, stader og menneske. Det inneber òg å behandle og bruke variert informasjon frå bilete, film, teikningar, grafar, tabellar, globus og kart. Sterkt aukande tilgjengeleg informasjonsmengd gjer målretta søk, kritisk vurdering og medvitne val og bortval av kjelder sentralt. Utvikling av leseferdigheitene i samfunnsfag inneber gradvis oppøving av ferdigheitene frå grunnleggjande avkoding til lesing med forståing, tolking, vurdering og refleksjon, og vidare til utvikling av strategiar for tileigning av kunnskap. Lesing for informasjonsinnhenting og kritisk lesing av kjelder er ein prosess som tek til med å finne informasjon i enkle, tilrettelagde kjelder og vurdering av om informasjonen er nyttig. Seinare må evne til eigne informasjonssøk, evne til samanlikning av informasjon og evne til vurdering av relevansen, truverdet, tendensen og føremålet til kjeldene oppøvast.

Å *kunne skrive* i samfunnsfag inneber å kunne bruke samfunnsfaglege tekstsjangrar til å uttrykkje og grunngje standpunkt, dele kunnskap og byggje opp skriftlege drøftingar av årsaker, verknader og samanhengar der god kjeldebruk, bruk av relevante fagomgrep og akseptable vurderingar underbyggjer fagleg kvalitet. Skriftleg uttrykksevne inneber òg å kunne reflektere over, samanlikne, argumentere og drøfte verdiar i informasjon og kjelder, i hypotesar og modellar og å presentere resultat av eigne samfunnsfaglege undersøkingar. Utvikling av skriveferdigheitene i samfunnsfag inneber gradvis oppøving frå å formulere enkle faktasetningar og konkrete spørsmål over evne til å kunne gje att eller oppsummere i refererande tekstar med tematisk avgrensing, til å kunne formulere problemstillingar, strukturere drøftande tekst som byggjer på kritisk og variert kjeldebruk, og å kunne trekkje grunngjevne konklusjonar. Opptrening av fagleg presisjon ved aukande bruk av og stigande refleksjon kring relevante fagtermar, er ein del av prosessen. Parallelt aukar den faglege innhaldskompetansen, slik at form og innhald i tekstar blir tilpassa føremålet med skrivinga.

Munnlege ferdigheiter i samfunnsfag inneber å uttrykkje meiningar og drøfte problemstillingar ved å bruke fakta, teoriar, definisjonar og fagomgrep til forklåringar og analysar av årsaker, verknader og

endringar i fortid og notid. Munnlege ferdigheiter handlar også om å lyde til, vurdere, gje respons og vidareutvikle innspel frå andre. Utvikling av munnlege ferdigheiter i samfunnsfag går frå å uttrykkje egne meiningar og framføre enkle munnlege tekstar til å kunne ytre seg med grunngeve synsmåtar og fagleg tryggheit. Gode munnlege ferdigheiter i samfunnsfag inneber at ein kan delta i ulike sosiale og kulturelle felleskap og vise forståing for og ta omsyn til korleis ulike uttryksmåtar verkar. Munnlege ferdigheiter i samfunnsfag må øvast opp i ein prosess som startar med refererande ytringar, ofte av personleg karakter, og blir utvikla til fagrelevante og -spesifikke tankerekker med aukande grad av argumentasjon, drøfting og presis bruk av fagomgrep. Forståing for ulike syn, evne til perspektivtaking og evne og vilje til å uttrykkje usemje sakleg og med vørnad for andre oppfatningar, må òg øvast opp i den same prosessen.

Å kunne rekne i samfunnsfag inneber å hente inn, arbeide med og vurdere taltfang om faglege tema, å kunne framstille dette ved bruk av tabellar, grafar og figurar, og evne til å vurdere tenlege framstillingsformer. Rekning i samfunnsfag handlar òg om å gjere undersøkingar med å telje, tolke og samanlikne statistisk talmateriale, bruke målestokk på kart og rekning med tid, variasjon og utvikling. Utvikling av rekneferdigheiter i samfunnsfag inneber å bruke rekneferdigheiter i gradvis meir samansette og abstrakte situasjonar, slik at ein meistrar nye strategiar og kan bruke dei målretta og føremålstenlege. Sentralt er evna til å analysere og nytte statistisk informasjon. Desse ferdigheitene må øvast opp gradvis frå å finne strategiar for å telje, sortere og klassifisere, over evne til å samanfatte og samanlikne informasjon frå ulike framstillingar til kritisk vurdering av ulike statistiske oppstillingar og framstillingar og eigen bruk av statistikk for å tydeleggjere samfunnsfaglege forhold, til dømes utvikling, variasjon og spreing.

Digitale ferdigheiter i samfunnsfag inneber å kunne bruke digitale ressursar til å søkje etter informasjon, utforske nettstader, utøve kjeldekritikk og velje ut relevant informasjon om samfunnsfaglege tema. Ferdigheitene femnar òg om å bruke digitale presentasjons- og samarbeidsverktøy til å utarbeide, presentere og publisere multimediale produkt etter varierte formkrav og med ulike føremål. Digitale ferdigheiter vil vidare seie å kommunisere og samarbeide digitalt om samfunnsfaglege tema og følgje reglar og normer for nettbasert kommunikasjon. Utvikling av digitale ferdigheiter i samfunnsfag inneber å lære seg å bruke digitale verktøy, medium og ressursar som er føremålstenlege for å tileigne seg fagleg kunnskap og til å uttrykkje eigen kompetanse. Digitale ferdigheiter i samfunnsfag må oppøvast i ein prosess som startar med å bruke hjelpemidla til å finne og gje att samfunnsfagleg innhald. Seinare kjem medvitne og kritiske val og bruk av verktøya for å tydeleggjere og forsterke fagleg budskap og bruke dei til å uttrykkje fagleg refleksjon. Utvikling av digital dømekraft må øvast opp gjennom heile grunnopplæringa.

Kompetansemål i faget

Kompetansemål etter 4. årssteget

Vegvisaren

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- finne informasjon om samfunnsfagtema i film, bilete og andre tilrettelagde kjelder og vurdere om informasjonen er nyttig
- formulere eigne setningar og enkle samfunnsfaglege tekstar på grunnlag av tilrettelagd informasjon
- presentere fagstoff og eigne faglege arbeid munnleg, delta i fagsamtaler, og kunne lyde til andre
- gjere enkle søk etter, bruke og presentere digitalt tilgjengeleg informasjon med grunnleggjande forståing for nettvett
- lage, presentere og forklare enkle uttrykk for mengd og storleik i diagram og tabellar, bruke strategiar for oppteljing og klassifisering og tolke informasjonen
- bruke omgrepa fortid, notid og framtid, geografiske nemningar, omgrep for landskapsformer og omgrep som skildrar breidda i mangfaldet av familieformer
- teikne, fantasere og skape forteljingar om menneske som har levd eller lever under andre vilkår
- gjø dømme på korleis menneske meiner ulikt og samtale om toleranse
- plassere heimstaden, heimkommunen, heimfylket, landa i Norden, verdshava og verdsdelane på kartskisser, og finne geografiske nemningar på globus og kart

Historie

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- presentere sin eigen familie for ein til to menneskealdrar sidan, og fortelje om korleis levevis og levemåte har endra seg
- kjenne att historiske spor i sitt eige lokalmiljø og undersøkje lokale samlingar og minnesmerke
- gjø att mytar, segner og eventyr med historisk innhald
- beskrive og illustrere korleis steinalderfolk levde som jegerar og samlarar
- fortelje om samane, urfolket i Noreg, og om sentrale trekk ved kulturen og levemåten til samane fram til kristninga av samane
- fortelje om korleis jordbruket forandra levemåten i Noreg og Norden og beskrive hovudtrekk ved bronsealderen og jernalderen
- forklare kvifor ein feirar 17. mai og 6. februar og fortelje om nasjonaldagane til andre land

Geografi

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive landskapsformer og geografiske nemningar ved å utforske landskapet nær skulen og heimen
- fortelje om viktige landskap og landskapsformer i Noreg
- peike ut og orientere seg etter himmelretningar og gjere greie for kvifor det er tidsskilnader
- samanlikne liv og virke i Noreg og i nokre andre land
- samtale om stader, folk og språk og planleggje og presentere reiser

Samfunnskunnskap

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- finne fram i trykte og digitale medium, sortere innhaldet i kategoriar og produsere materiale som kan publiserast
- samtale om oppgåvene til familien og om variasjonar i familieformer, inkludert åleineforsørgjarfamiliar, storfamiliar, familiar der dei føresette har same kjønn, og familiar med fleire sett føresette
- gje døme på ulike forventningar til gutar og jenter og drøfte korleis forventningane kan opplevast
- beskrive pengebruken til jenter og gutar og samtale om forhold som påverkar forbruk
- lage ei oversikt over normer som regulerer forholdet mellom menneske og samtale om konsekvensar ved å bryte normene
- utforme og praktisere reglar for samspel med andre og vere med og ta demokratiske avgjersler i skulesamfunnet
- drøfte oppfatningar av rettferd

Kompetansemål etter 7. årssteget

Vegvisaren

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- vurdere om tilrettelagde kjelder er relevante og truverdige og grunnje val og bortval av informasjon
- lage ein samfunnsfagtekst med innleiing, hovuddel, avslutning, kjeldetilvisingar og relevante fagomgrep
- samtale om samfunnsfaglege tema med relevante fagomgrep, skilje mellom meiningar og fakta, lyde aktivt og diskutere med vørnad for andre syn
- finne informasjon ved søk i digitale kjelder, bruke digitale verktøy for å presentere samfunnsfaglege tema og diskutere faglege tema digitalt med nettvett og nettetikk
- hente informasjon frå tabellar og diagram, gjere informasjonen samanliknbar, gjennomføre og presentere undersøkingar som krev teljing og rekning
- forklare og bruke omgrepa periode, reformasjon og kolonialisme, omgrep som skildrar demografiske endringar og omgrep som makt, demokrati og urfolk
- plassere ei rekkje hendingar i historie og samtid på tidsline og kart
- presentere hendingar frå fortid og samtid ved å lage forteljingar om dei frå ulike ståstader, og vise samanhengar mellom, årsaker til og verknader av hendingar i fortid og samtid
- utforske ulike kjelder, illustrere korleis dei kan gje ulik informasjon om samfunnsutvikling og maktforhold i fortid og samtid og forklare korleis forskarar brukar dei til å lage faglege framstillingar
- bruke forteljingar om menneske som lever eller har levd under andre vilkår til å vise korleis menneske tenkjer og handlar ut frå samfunnet dei lever i
- diskutere kvifor menneske kan oppleve hendingar ulikt og lage to forteljingar om same hendinga, sett frå ulike ståstader
- plassere nabokommunane, heim- og nabofylke, dei samiske busetjingsområda og dei største landa i verda på kartskisser, kunne slå opp i atlas, hente ut informasjon frå ulike digitale og papirbaserte temakart og historiske kart

Historie

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- fortelje om hovudtrekk ved samfunnsutviklinga i Noreg frå vikingtida til slutten av dansketida, og gjere nærare greie for eit sentralt tema i denne perioden

- gjere greie for korleis statane på Nordkalotten voks fram og trekte grensene mellom seg fram til første halvdel av 1800-talet, og om korleis denne utviklinga både påverka tilhøvet samane hadde til statane og kulturen og levkåra til samane
- gjere greie for kva for nasjonale minoritetar som finst i Noreg, og beskrive hovudtrekk ved historia og levkåra til minoritetane
- plassere to eller fleire tidlege elvekulturar på historisk tidslinje og presentere sentrale trekk ved dei
- undersøkje greske og romerske samfunn i antikken og finne døme på korleis kulturen deira har påverka vår eigen kultur
- gjere greie for sentrale trekk ved tidsepokane mellomalder, renessanse og opplysningstid i Europa, og diskutere grunnar til denne tidsinndelinga
- framstille oppdagingsferder og kolonialisme både frå synsvinkelen til kolonistane og frå ståstaden til opphavlege innbyggjarar eller urfolk i og utanfor Europa

Geografi

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- registrere og ordne spor etter istida på heimstaden og forklare kva istida hadde å seie for danning av landskap og heile landet
- forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis
- samanlikne og påvise likskapar og skilnader mellom land i Europa og land i andre verdsdelar
- fortelje om ulike klima- og vegetasjonssonar i verda og undersøkje korleis menneske gjer seg nytte av dei
- forklare korleis produksjon og forbruk kan øydeleggje økosystem og forureine jord, vatn og luft, og drøfte korleis dette kan hindrast og reparerast
- forklare korleis vi i Noreg bruker ressursar frå andre stader i verda
- registrere flyktningstraumar, forklare kvifor somme rømmer frå heimlandet sitt, og drøfte korleis det kan vere å kome til eit framandt land som flyktning

Samfunnsfag

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- forklare korleis informasjon frå massemedium og kommersiell påverknad kan verke inn på forbruksvanar
- samtale om variasjon i seksuell orientering i tilknytning til kjærleik, samliv og familie
- beskrive roller i sin eigen kvardag og undersøkje kva forventningar som knyter seg til desse rollene
- drøfte spørsmål omkring bruk og misbruk av tobakk og ulike rusmiddel
- gjere greie for kva eit samfunn er, og reflektere over kvifor menneske søker saman i samfunn
- gjere greie for Stortinget og Sametinget sine hovudoppgåver, forklare kva det tyder at dei er folkevalde, og forklare skilnader mellom å leve i eit demokrati og i eit samfunn utan demokrati
- forklare kva eit politisk parti er, gjere greie for nokre sentrale motsetnader mellom dei politiske partia i Noreg
- samtale om kva vi meiner med identitet og kultur, kjenne att kulturelle symbol og lage ein visuell presentasjon av dei
- gjere greie for hovudtrekk ved samiske samfunn i dag
- presentere ein aktuell konflikt og drøfte framlegg til løysing
- diskutere føremålet med FN og anna internasjonalt samarbeid, irekna urfolkssamarbeid
- gjere greie for plikter, rettar og høve til medverknad barn og unge har

Kompetansemål etter 10. årssteget

Vegvisaren

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke kjeldekritisk metode og kunne bruke sentral informasjon frå fleire kjelder med relevans for same oppgåve
- utarbeide ein temaavgrensa samfunnsfagtekst med presis bruk av fagomgrep, oppbygging tilpassa fag og tema, kjeldetilvisingar og med vurderingar og konklusjon
- bruke samfunnsfaglege omgrep presist i fagsamtaler og presentasjonar og kunne byggje vidare på bidrag frå andre
- gjere målretta digitale kjeldesøk, og kunne reflektere kring fagrelevante tema i nettdiskusjonar og sosiale medium
- vurdere om statistikk gjev påliteleg informasjon, bruke statistikk frå ulike kjelder for å skildre variasjon og drøfte samfunnsfaglege problemstillingar
- vise korleis ulike kjelder kan framstille hendingar ulikt, drøfte korleis interesser og ideologi kan prege syn på kva som er sanne og relevante fakta, og presentere konflikhtar frå notid og fortid frå ulike ståstader
- finne fram til og presentere aktuelle samfunns spørsmål og aktuelle historiske strids spørsmål, skilje mellom meiningar og fakta, formulere argument og drøfte spørsmåla
- skape forteljingar som viser korleis rammer og verdiar frå ulike samfunn i fortid og notid påverkar tankar og handlingar
- plassere fylka i Noreg, landa og dei største elvane og fjellkjedene i verda, bruke målestokk til å rekne avstandar og bruke informasjon frå historiske og notidige kart i samanlikningar og årsaksforklaringar
- definere og bruke eit utval historie- og samtidsrelevante omgrep innanfor feltet demokrati, deltaking og medborgarskap i Noreg, og eit utval omgrep knytt til konflikt og samarbeid i det internasjonale samfunnet i nyare tid
- planleggje, gjennomføre og presentere problemorienterte undersøkingar om samfunnstilhøve i fortid og samtid og vurdere arbeidsprosess og resultat
- gjere greie for at sentrale samfunnsendingar både kan forklårast ulikt og ha fleire årsaker

Historie

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- finne døme på hendingar som har vore med på å forme dagens Noreg, og reflektere over korleis samfunnet kunne ha vorte dersom desse hendingane hadde utvikla seg annleis
- gjere greie for utviklinga av rasisme og idear om menneskeverd og vise samanhengar og motsetnader mellom ideal og handlingar
- presentere hovudtrekk ved historia og kulturen til samane frå midt på 1800-talet til i dag, og drøfte forholdet deira til storsamfunnet
- presentere viktige utviklingstrekk i norsk historie på 1800-talet og første halvdel av 1900-talet, og forklare korleis dei peikar fram mot samfunnet i dag
- forklare framveksten av velferdsstaten og beskrive og reflektere over trekk ved Noreg i dag
- forklare teknologiske og samfunnsmessige endringar som følgde av den industrielle revolusjonen
- gjere greie for idear og krefter som førte til den amerikanske fridomskampen og den franske revolusjonen, og følgjer som dette fekk for den demokratiske utviklinga i Noreg
- gjere greie for imperialisme og gje døme på avkolonialisering

- lage spørsmål om sentrale internasjonale konflikter på 1900-talet og i vårt eige hundreår, formulere årsaksforklaringar og diskutere konsekvensar av konfliktane
- drøfte viktige omveltingar i samfunnet i nyare tid, og reflektere over korleis dagens samfunn opnar for nye omveltingar

Geografi

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for indre og ytre krefter på jorda, rørsler i luftmassane, krinsløpet til vatnet, vær og klima, og forklare samanhengar mellom klima og naturleg vegetasjon
- utforske, beskrive og forklare natur- og kulturlandskapet i lokalsamfunnet
- forklare korleis menneske gjer seg nytte av naturgrunnet, andre ressursar og teknologi i Noreg og i andre land i verda
- vurdere bruk og misbruk av ressursar og utforske konsekvensar det kan få for miljøet og samfunnet, og konflikter det kan skape lokalt og globalt
- samanlikne storleik, struktur og vekst i befolkningar og analysere befolkningsutvikling og flytting i nyare tid, inkludert urbanisering
- kartleggje variasjonar i levekår i ulike delar av verda, forklare dei store skilnadene mellom fattige og rike og drøfte tiltak for jamnare fordeling
- drøfte premisser for ei berekraftig utvikling

Samfunnskunnskap

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- presentere aktuelle samfunnsspørsmål, gjere greie for korleis ulike politiske parti argumenterer, og argumentere for eige syn
- analysere utviklinga av rusmiddelbruk og røyking i Noreg og reflektere over haldningar til rusmiddel
- drøfte forholdet mellom kjærleik og seksualitet i lys av kulturelle normer
- forklare kva haldningar, fordommar og rasisme er, og presentere framlegg til korleis fordommar og rasisme kan motarbeidast
- utforske kva som krevst for at samfunn skal kunne halde fram å eksistere, og samanlikne to eller fleire samfunn
- forklare korleis Stortinget blir vald og regjeringa sett saman, og gjere greie for rollefordelinga mellom Stortinget og regjeringa, og mellom staten, Sametinget, fylkeskommunane og kommunane
- drøfte omgrepa samarbeid, medverknad, demokrati og deltaking og gje døme på kva dette inneber nasjonalt, lokalt og i foreiningar og elevråd
- diskutere årsaker til og følgjer av kriminalitet, og forklare korleis rettsstaten fungerer ut frå korleis eit aktuelt lovbrøt er behandla
- forklare kvifor kultur ikkje er medfødd, gje døme på og diskutere kulturelle variasjonar, og drøfte moglegheiter og utfordringar i fleirkulturelle samfunn
- beskrive hovudtrekk i norsk økonomi og korleis vår økonomi heng saman med den globale økonomien
- gjere greie for hovudprinsippa i FN-pakta, FNs menneskerettserklæring og sentrale FN-konvensjonar, irekna ILO-konvensjonen om urfolks rettar
- utforske økonomiske og politiske tilhøve i andre land, mellom anna i kva grad menneskerettane blir respekterte
- drøfte kjønnsroller i seksuelle framstillingar og forklare skilnaden på ønskt seksuell kontakt og seksuelle overgrep

Kompetansemål etter Vg1/ Vg2

Vegvisaren

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- finne kjelder som skildrar fenomen frå ulike synsvinklar, samanlikne dei og vurdere tendens og føremål
- formulere problemstilling og skrive ein drøftande samfunnsfagtekst med presis bruk av fagomgrep, variert kjeldetilfang og presise kjeldetilvisingar
- argumentere frå ulike ståstader og vurdere eigne forståingar med bakgrunn i innspel frå andre
- drøfte tendens, føremål og pålitelegheit i digitale kjelder, og drøfte faglege tema i diskusjonsfora og sosiale medium
- finne, tolke og drøfte samanfallande og motstridande informasjon frå statistiske kjelder i arbeidet med samfunnsfaglege problemstillingar
- analysere argumentasjon i høve til aktuelle problem lokalt, nasjonalt og globalt, argumentere for løysingar frå ulike ståstader, vurdere og ta stilling til løysingsforslaga
- plassere konfliktområde og internasjonale organisasjonar, bruke interaktive kart til å hente informasjon og analysere økonomiske og sosiale skilnader i Noreg og i verda

Individ, samfunn og kultur

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- definere sentrale omgrep knytte til sosialisering og bruke dei til å undersøkje trekk ved sosialiseringa av ungdom i Noreg
- forklare kvifor kjønnsroller og familie- og samlivsformer varierer over tid og mellom samfunn og kulturar
- gjere greie for rettane ein har som forbrukar og diskutere forbrukaren sitt etiske ansvar
- finne informasjon om omfanget av kriminalitet i Noreg, gje døme på korleis rettsstaten fungerer og diskutere korleis ulike former for kriminalitet og overgrep kan førebyggjast, og om og korleis dei bør straffast
- definere omgrepet kultur og gje døme på at kultur varierer frå stad til stad og endrar seg over tid
- diskutere hovudtrekk ved samisk kultur i dag og reflektere over kva det vil seie å vere urfolk
- diskutere kva som kjenneteiknar kulturen til nokre etniske minoritetar i Noreg, og i kva grad etnisk og kulturell variasjon skaper moglegheiter og utfordringar
- drøfte kvifor fordommar og rasisme oppstår, og kva tiltak som kan motverke dette

Arbeids- og næringsliv

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- definere omgrepa levestandard og livskvalitet, gjere greie for årsaker til at levestandarden i Noreg har auka, og diskutere om auken har ført til betre livskvalitet
- hente informasjon om ulike yrke og diskutere moglegheiter og utfordringar på arbeidsmarknaden i dag
- reflektere over verdien av å ha eit arbeid og kva som kjenneteiknar eit godt arbeidsmiljø
- gjere greie for årsaker til arbeidsløyse og drøfte måtar å redusere arbeidsløysa på
- diskutere nokre etiske problemstillingar knytte til arbeidslivet
- gjere greie for organisasjonane sin plass i det norske arbeidslivet og for faktorar som bestemmer lønn og arbeidsvilkår
- vurdere utfordringar ved å etablere ei bedrift
- setje opp budsjett for eit hushald og ei bedrift og kunne vurdere lønnsemd i bedrifter ut frå rekneskapstal

Politikk og demokrati

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- analysere korleis ein sjølv kan vere med i og påverke det politiske systemet gjennom bruk av ulike kanalar for påverknad
- diskutere utfordringar for demokratiet, rettsstaten, menneskerettane og urfolksrettane
- gjere greie for valordning, maktfordeling og samspel mellom statsmakter og forvaltningsnivå i Noreg og samanlikne med institusjonar i andre land
- analysere grunnleggjande skilnader mellom dei politiske partia i Noreg
- gjere greie for sentrale kjenneteikn ved norsk økonomisk politikk
- diskutere hovudprinsippa for den norske velferdsstaten og dei utfordringane han står overfor

Internasjonale forhold

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- definere omgrepet makt og gje døme på korleis makt blir brukt i verdssamfunnet
- forklare omgrepet globalisering og vurdere ulike konsekvensar av globaliseringa
- gje døme på internasjonalt samarbeid og beskrive Noreg som internasjonal aktør
- drøfte kva FN-konvensjonar har å seie for aktuelle stridsspørsmål i Noreg i dag, irekna asylpolitikk og samiske rettar
- gjere greie for EU sine mål og styringsorgan og diskutere Noreg sitt forhold til EU
- finne døme på ulike typar konflikhtar og menneskerettsbrot og drøfte kva FN og andre internasjonale aktørar kan og bør gjere
- gjere greie for ulike forklaringar på at det finst fattige og rike land og diskutere norsk bistands- og handelspolitikk
- gjere greie for kva som kjenneteiknar terrorisme og reflektere over årsaker til terrorisme
- diskutere samanhengen mellom økonomisk vekst, miljø og berekraftig utvikling

Vurdering i faget

Retningslinjer for sluttvurdering:

Standpunktvurdering

Årssteg	Ordning
10. årssteget	Elevane skal ha ein standpunktkarakter.
Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram – programområda for samfunnsfag og økonomi, realfag og språkfag	Elevane skal ha ein standpunktkarakter.
Vg2 studiespesialiserande utdanningsprogram – programområde for formgivingsfag	
Vg2 utdanningsprogram for idrettsfag og musikk, dans og drama	
Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram	

Eksamen for elever

Årssteg	Ordning
10. årssteget	Elevane kan trekkjast ut til ein munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.
Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram – programområda for samfunnsfag og økonomi, realfag og språkfag Vg2 studiespesialiserande utdanningsprogram – programområde for formgivingsfag Vg2 utdanningsprogram for idrettsfag og musikk, dans og drama Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram	Elevane kan trekkjast ut til ein munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Eksamen for privatistar

Årssteg	Ordning
10. årssteg	Sjå ordninga som gjeld for grunnskuleopplæring for vaksne.
Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram – programområda for samfunnsfag og økonomi, realfag og språkfag Vg2 studiespesialiserande utdanningsprogram – programområde for formgivingsfag Vg2 utdanningsprogram for idrettsfag og musikk, dans og drama Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram	Privatistane skal opp til ein munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Dei generelle retningslinene om vurdering er fastsette i forskrift til opplæringslova.